



Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

17. september 2010

## Mogleg ny modell for interkommunalt samarbeid, samkommunemodellen.

Det er i dag 4 etablerte former for samarbeid mellom 2 eller fleire kommunar:

- Aksjeselskap
- Interkommunale selskap (IKS)
- Interkommunalt samarbeid med eige styre (§ 27)
- Interkommunalt samarbeid, vertskommune (§ 28)

I tillegg kjem ein relativt ny mogelegenhet for interkommunalt samarbeid etter plan- og bygningsloven.

Vest-Telemarkrådet kan vise til at det i regionen er etablert ei rekke velfungerande samarbeidsordningar innafor dei 4 formene.

Ei ny samarbeidsordning i form av samkommunemodellen og dermed oppretting av eit nytt forvaltningsnivå vil gå lenger i overføring av mynde enn dei andre samarbeidsmodellane. Samkommunen vil få sitt eige samkommunestyre, sin eigen administrasjon og sin eigen økonomi.

Innbyggjarane vil måtte forhalde seg til 2 kommunar alt etter kva for teneste det er tale om.

Opprettig av ei mogleg samkommune vil såleis kunne skape forvirring omkring tenestetilbodet og i verste fall redusert kvalitet på dette.

Ein samkommune vil også medføre at grunnlaget for primærkommunane vert svekka.

Vest-Telemarkrådet kan derfor ikkje sjå at mogleg opprettig av samkommunar er rett veg å gå og vil gå mot at dette blir lovfesta.

Om slik lovheimel likevel skulle verta innført er vi av den oppfatning at det ikkje bør opnast opp for at både fylkeskommunar og kommunar kan vera deltagarar i ein samkommune. Dette ut frå ei vurdering at det vil vera uheldig med representasjon frå 2 ulike forvaltningsnivå.

Venleg helsing  
Vest-Telemarkrådet

Anne-Nora Oma Dahle (sign)  
Regionordførar

  
Kjell Gunnar Heggenes  
Regionrådsleiar